

Arkivnr: 2019/10691-2  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

|                 |  | <b>Saksframlegg</b> |            |
|-----------------|--|---------------------|------------|
| <b>Saksgang</b> |  | Saknr.              | Møtedato   |
| Utval           |  |                     |            |
| Fellesnemnda    |  |                     | 23.05.2019 |

## Overføring av ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar til fylkeskommunalt nivå

### Samandrag

Ved handsaming av Prop. 84 S (2016-2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, jf. Innst. 385 S (2016-2017), slutta Stortinget seg til at ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar blir overført til fylkeskommunane som del av regionforma. Det er i dag 3 selskap som er omfatta av støtteordninga. Ein av desse er Sunnhordland Lufthavn AS som ligg i Stord kommune. Sunnhordland lufthamn AS driv flyplassverksemda på flyplassen Stord lufthamn Sørstokken. Sunnhordland lufthamn AS er i dag eigd av Hordaland fylkeskommune (79 %) og Stord kommune (21 %).

Samferdselsdepartementet har inngått avtale med Sunnhordland lufthamn AS om tilskot til drift av Stord lufthamn Sørstokken ut 2020. Avtalen gjeld for åra 2016 til og med 2020. Departementet ønskjer difor i utgangspunktet å forvalte denne avtalen i budsjettåret 2020, og etter dette overføre budsjettmidla til fylkeskommunen frå og med budsjettåret 2021. Om fylkeskommunane ønskjer dette, kan forplikingane i kontrakten til Samferdselsdepartementet bli overdrege til fylkeskommunen på same vilkår for budsjettåret 2020.

Prosjektleiar rår til at samferdselsdepartementet forvaltar avtalen i 2020, men at Vestland fylkeskommune saman med Stord kommune utarbeider ein nærare eigarstrategi for Sunnhordland lufthamn AS. Denne vil danne grunnlag for forhandlingar om tilskot frå og med 2021.

**Forslag til vedtak**

1. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune ønskjer at Samferdselsdepartementet forvaltar avtalen med Sunnhordland lufthavn AS i 2020.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar saman med Stord kommune utarbeider framlegg til eigarstrategi som kan danne grunnlag for forhandlingar med Sunnhordland lufthavn AS om ny avtale frå og med 2021.

Rune Haugsdal  
Prosjektleder

Vedlegg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Prosjektlear, 10.05.2019

### Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i brev datert 12. april 2019 orientert om overføring av ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar. Samferdselsdepartementet har inngått avtale med Sunnhordland lufthavn AS om tilskot til drift av tenester på Stord Lufthavn Sørstokken. Avtalen gjeld ut 2020. Brevet og avtalen følgjer vedlagt.

### Sunnhordland lufthavn AS og tilbodet ved Stord Lufthavn Sørstokken

I dag blir Stord Lufthavn Sørstokken betent av Danish Air Transport med 14 rundturar i veka mellom Sunnhordland lufthavn og Oslo Lufthavn Gardermoen. Flyet har 46 passasjer seter. Tidlegare har det òg vore andre ruter, m.a. rute til Molde lufthavn Årø. Flyplassen blir òg brukt av mindre fly.

Stord Lufthavn Sørstokken er ikkje omfatta av ordninga med FOT-ruter med tilskot til regionale flyruter. Drift av flyruta er difor på kommersielle vilkår.

Sunnhordland lufthavn AS driver flyplassverksemda på flyplassen Stord lufthavn Sørstokken. Selskapet er eigd av Hordaland fylkeskommune (79 %) og Stord kommune (21 %).

Samferdselsdepartementet har inngått avtale med selskapet om kompensasjon av kostnader for drift og nødvendige investeringar. Avtalen er inngått i samsvar med statsstøtteregulverket om godtgjøring for offentlig tenesteyting til visse føretak som er tillagt oppgåva med å utføre tenester av allmenn økonomisk betyding. Tilskotet utgjer om lag 21,4 mill. kr i 2019 og blir prisjustert årleg.

### Overføring av ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar

Ved handsaming av Prop. 84 S (2016-2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, jf. Innst. 385 S (2016-2017), slutta Stortinget seg til at ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar blir overført til fylkeskommunane som del av regionforma. Det er i dag 3 flyplassar som er omfatta av støtteordninga. Utanom Stord Lufthavn Sørstokken gjeld dette flyplassane på Ørland og i Notodden.

Når fylkeskommunane tek over ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar, vil budsjettmidla på posten bli overført til fylkeskommunen sitt rammetilskot under Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt budsjett. Det skal vere same beløp som i dag blir utbetalt over budsjettposten i statsbudsjettet.

Etter overføringa av ansvaret vil fylkeskommunane sjølve ha ansvar for å prioritere tilskot til ikkje- statlege flyplassar, og kan fastsetje egne kriterium for tilskot. Fylkeskommunane må sjølve syte for at avtalene er i tråd med gjeldande regelverk for offentlig støtte.

Avtalen med Sunnhordland lufthavn AS gjeld i dag for åra 2016 til og med 2020. Departementet vil difor i utgangspunktet forvalte denne avtalen i budsjettåret 2020, og etter dette overførte budsjettmidla til fylkeskommunen frå og med budsjettåret 2021.

Eit alternativ er at forplikingane i kontrakten til Samferdselsdepartementet blir overdrege til fylkeskommunen på same vilkår allereie for budsjettåret 2020. Vestland fylkeskommunen vil i så fall få budsjettmidla allereie for budsjettåret 2020.

### Eigarskapsstrategi

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i Sunnhordland lufthavn AS er av samfunnsmessig karakter; å leggje forholda til rette for ei positiv næringsutvikling i Sunnhordland og på Stord gjennom å bidra til å oppretthalde Sunnhordland Lufthavn som regional flyplass

## Overføring av FOT-rutene

Som ledd i forvaltningsreforma er ansvaret for FOT-rutene (Forplikning til Offentleg Tenesteyting, som er kjøp av flytenester på ruter som ikkje er bedriftsøkonomiske lønsame) vedteke overført til fylkeskommunane. I samband med sak om ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 1. april 2020 gjorde fylkesutvalet m.a. følgjande vedtak den 31.05.18, sak 48/18:

*Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at Samferdsledepartementet skal vera ansvarleg for å følgje opp anbudskontrakten for ruteflygingar for perioden 1. april 2020 – 31. mars 2024. Fylkeskommunen bør overta ansvaret for utarbeiding av anbudsgrunnlaget og gjennomføringa av flyrutekjøpet frå 1. april 2024*

## Prosjektlear si vurdering

Overføring av FOT-rutene og tilskotet til ikkje-statlege flyplassar vil gje Vestland fylkeskommune eit auka ansvar for regional luftfart. Med dette vil fylkeskommunane kunne få eit meir heilskapleg ansvar for regional næringsutvikling og kommunikasjonar.

Inngått avtale med Sunnhordland lufthamn AS er gjeldande ut 2020. Det gir difor inga politisk handlingsrom i å overta avtalen allereie frå årsskiftet.

Når fylkeskommunen no får ansvar for tilskot til flyplassen, er det naturleg at det saman med Stord kommune vert utvikla ei nærare eigarstrategi for Sunnhordland lufthavn AS. Eigarstrategien vil kunne danne grunnlag for forhandlingar om ny avtale frå og med 2021.

Vestland fylkeskommune står ovanfor store endringsprosessar det komande året, og overføring av nye avtalar vil gje Vestland fylkeskommune tid til å byggje opp kompetanse og kapasitet til neste forhandlingsrunde.

Prosjektlear meiner ut i frå dette at ein bør avvente å ta over ansvaret for tilskot til regionale flyplassar til ny kontrakt skal inngåast frå 1.1. 2021. Det må likevel setjast i verk ei prosess med å førebu grunnlaget, i første omgang gjennom å utarbeide ein eigarstrategi for selskapet saman med Stord kommune.